

Sørstrand Folkepark – Årsmelding 2021

SØRSTRAND FOLKEPARK

Sørstrand Folkepark har som føremål å utvikle friområdet sør på florelandet, til eit område for aktivitet og rekreasjon for ålmenta. Innsatsfaktorane er frivillig arbeid og økonomiske gåver frå ulike offentlege og private kjelder. Foreininga er uavhengig, upolitisk og drivast på ideelt grunnlag. Den er registrert i Frivilligregisteret i Brønnøysund og pr. 31.12.21 hadde 500 registrerte medlemmar. Medlemskapet kostar kr.200 kroner for privatpersonar og kr.300.- for familiar. Som medlem har ein møte- og stemmerett på årsmøtet.

GÅVER- TILSKOT I 2021

Norsk Tipping (grasrotandelen): kr.37.728.-

Sparebanken Sogn og fjordane (Sparebankstiftinga) kr.210.000.-

Gjensidige: kr. 443.-

INC kr.5.000.-

Og BB gruppen med gode rabattar på reinhald.

Vi er takknemlege for alle gåver og styrar dei mot ulike prosjekt i området etter kvart som parken utviklar seg.

2021 ble et merkeår for Sørstrand Folkepark. Etter lang tids innsats fra alle støttespillere og tilhengere av SF kom tidspunkt for en høytidelig åpning av et etterlengta servicebygg for Folkeparken, og ikke minst et etterlengta verkstedbygg for lagring av maskiner og utstyr, reparasjon og vedlikehold av utstyr og en arena for teknisk dialog for alle som bidrar til drift og vedlikehold av området, og bygningene her.

Selve servicebygget har og blitt en suksess, der en i tillegg til gode fasiliteter som WC og utedusj, kan tilby åpen kafe flere ganger i uken hele året gjennom, og ekstra åpningstider i høysesongen. Dette har blitt godt mottatt, og driften her er organisert under et eget styre, som igjen organiserer frivillige til å betjene kafeen. Alt arbeid foregår på dugnad, dvs ingen betaling, og kafeen kan derfor driftes med overskudd. Overskuddet disponeres av kafe styret for bruk til folkeparkens beste.

Krona på verket i 2021 kom Ordfører i Kinn kommune Ola Teigen med under åpningen 11 Mai da han overrasket oss alle med å tildele Sørstrand Folkepark kulturprisen for Kinn kommune 2021. Dette var en flott bekreftelse på at vi har bidratt positivt for våre omgivelser, og vi er takknemlig på vegne av alle tilhengere av SF.

INVESTERINGAR OG DRIFT

Det har i år vært søkelys på oppstart av servicebygget og verkstedbygget. I tillegg har vi de faste oppgavene med å holde hele området tilgjengelig og velstelt.

Området er og mye brukt til uformelle samlinger for mange lag, skoleklasser, organisasjoner og ikke minst en plass mye ungdom kan samles. Etter litt prøving i starten har en nå funnet en form som virker godt mottatt av de fleste. Det er etablert en ordning med voksen kontakter i servicebygget på kveldstid i helgene den varme årstid, noe som har vist seg nyttig for alle parter. Nestleiar Knut Roald har organisert ordningen i 2021 og for 2022 vil en engasjere foreldre til elever på Flora Ungdomsskule til dette.

I desember vedtok og kommunestyre i Kinn kommune å bruke midler på asfaltering av den store parkeringsplassen, samt grus til rehabilitering av den eldste tilkomstveien, og dette vil bli utført første halvdel av 22.

Utdrag frå saker behandla i styret.

- Verving av støttemedlemmer
- Utvikling av internettsider
- Utvikling av grill plasser ved badestranda
- Skilting av veger og rasteplassar
- Dugnadsprosjektet på marker, badestrand og i skogsområde
- Ferdigstille sørsidevegen
- Servicebygg og verkstadbygg
- Utvikle østre del av strandområdet
- St Hans arrangement
- Drift av kafé

DUGNADSARBEIDET

Den frivillige innsatsen har vore nøkkelen til suksess i arbeidet med Sørstrand Folkepark. Dette famnar alt frå prosjektering, søknadar om tilskott, administrasjon, synfaring til ulikt førefallande arbeid som til dømes reinsking av tang, slåttonn og rydding i krattskogen. Så er reparasjon av skader på bord og bygningar blitt en nødvendig del av dugnadsarbeidet. Foreininga håpar å kunne engasjere fleire som vil ha godt av både det sosiale samværet og mosjonen som dette arbeidet har å tilby. Vidare ser ein føre seg at ulike lag og skular som brukar parken flittig bør utfordrast til ulikt dugnadsarbeid, som til dømes rydding og tilsyn for å verne om det som er skapt.

PROSJEKTARBEID I 2022 OG 2023

Styret arbeider med fullføring av østre del av strandområdet. Når dette er ferdig vil en fokusere på planmessig forvaltning, drift og vedlikehald av hele området før en går i gang med nye prosjekt som krever dugnadsoppfølging. Så arbeider vi alltid med fleire mindre arbeider og tilretteleggingar med lav kostnad. Det er og et mål å få volleyballbana tilbake i god standard. Et annet viktig prosjekt vil bli etablering av grupper som ved sin tilstedeværelse bidrar til å holde området og bygningane innbydande for alle brukere av Sørstrand folkepark

SANITÆRBYGG

Det er oppretta et eige husstyre leda av Kari Slettvåg. Styret skal organisere drifta rundt servicebygget som i hovedsak er et servicebygg for besøkende på Sørstrand. Se egen årsmelding.

REGNSKAPET FOR 2021

Resultatregnskapet for 2021 viste et underskudd.

Det står kr.318.655.- på konto 31.12.21 mot kr.422.175.- 31.12.20

ADMINISTRATIVT

Det vart helde 8 styremøte i 2021. Dei viktigaste sakene er omtala her i årsmeldinga. Det er ingen tilsette i foreininga og styret har inga godtgjersle for arbeidet. ECIT er regnskapsfører og vi har valt bort revisor.

Florø, 11.02.2022

Jan Henrik Nygård

Styreleiar

Knut Roald

Nestleiar

Ole Martin Bøhn

Styremedlem

Leni Notø

Styremedlem

Irene Hjorthol

Styremedlem

Guro Kvalsund

Styremedlem